

## “Til alle som har falt... en gang”. Erfaringar frå rusførebyggjande konsertføredrag for konfirmantungdomar

Lars Tuastad

### SAMANDRAG

*Temaet for denne teksten er ungdom sitt forhold til rus og førebygging. Teksten tar for seg refleksjonar hjå fem humanistiske konfirmantungdomar som deltok i eit fokusgruppeintervju i etterkant av eit rusførebyggjande konsertføredrag med rockebandet Gatens Evangelium. Problemformuleringa er: Korleis kan konsertføredrag nyttast som rusførebyggjande tiltak for konfirmantungdom? I følgje konfirmantungdomane fungerte konsertføredraget til Gatens Evangelium rusførebyggjande fordi musikk i kombinasjon med føredrag utgjorde ein unik funksjon, som romma det å vera eit sterkt ekspressivt uttrykk som samtidig skjerpa konsentrasjonen til tilhøyrarane. Dessutan understrekte ungdomane kor viktig det var å få eit innblikk i rusverda, og at dette vart formidla av brukarar med erfaringskompetanse på feltet. Refleksjonane til konfirmasjonsungdomane vert drøfta i lys av teori om konsertføredrag som musikkterapeutisk metode, samfunnsmusikkterapi og narrative perspektiv. I tillegg vert nokre relevante sider ved førebygging diskutert. Blant anna påpeikar teksten at om førebygging skal fungere, må den komme inn tidleg for å motverke marginalisering og utanforskap. Sett i lys av dette konkluderer teksten med at Gatens Evangelium sitt rusførebyggjande konsertføredrag kan vere eit veileigna førebyggjande tiltak for risikoutsette ungdomar.*

**Nøkkelord:** Ungdom, rus, førebygging, konsertføredrag, brukarperspektiv

## Innleiing

*Eg sender mine ord ut  
Med respekt og kjærlyghet-----:  
Te horene som selger kroppen for å sveve,  
til alle som har falt... en gang.  
Te gangstere som må stjele for å overleve  
Til alle som snakker sant... iblant  
Te de som vet ka de velgte å forsake  
til de fortapte som forsvant  
og aldri kom tebacke.*

Tekstutdraget er henta frå låten *Denne går ut*. Den er typisk for fleire av låtane til rockebandet *Gatens Evangelium* (GE). Presseskrevet til bandet underbygger dette inntrykket:

Gatens Evangelium er stemmen fra Bergens gater som sprenges opp i fra asfaltjungelen. Tekstene maler et bilde av skyggesidene i livet. Her er det så mørkt, desperat og hardt som livet i seg selv kan være, men har også glimt av håp, optimisme og kjærlyghet. Musikken er røff, fengende og melodios med vekt på fiffige og smakfulle arrangement.

GE er ei vidareføring av aksjonsforskningsprosjektet med rockebandet *Me and THE BAND´its* (MATB) som resulterte i doktoravhandlinga *Innanfor og utanfor – Rockens rolle innan kriminalomsorg og ettervern* (Tuastad, 2014). To store endringar er skjedd ved overgangen frå MATB til GE. For det første er bandbesetninga utvida med to nye medlemmer: ein ny vokalist/låtskrivar, og ein ekstra gitarist/keyboardist. Dette inneber nye tekstar på bergensk og eit anna melodi- og meiningsunivers enn tidlegare. For det andre er konteksten endra. MATB hadde bakgrunn frå prosjektet *Musikk i Fengsel og Frihet* (MIFFF) og formidla på konsertføredrag bodskapen om at musikken var ein mogleg veg ut av eit kriminelt liv. Storparten av medlemene i GE har bakgrunn som tidlegare rusbrukerar og ynskjer i sine konsertføredrag å få fram bodskapen om at musikk også kan vere ein veg ut av eit tilvære med rus. På bakgrunn av dette har GE utarbeidd rusførebyggjande konsertføredrag med basis i tekstar og historier frå eit levd liv i ei rusbelasta verd.

Våren 2015 hadde GE rusførebyggjande konsertføredrag for om lag 500 humanistiske konfirmantar i Bergens regionen. Rusførebygging var eitt av emna for den obligatoriske undervisninga som ungdomane tok del i. Førebygging viser til tiltak

som vert sett i verk med forventning om å komma ei uheldig utvikling i forkjøpet eller motverke forverring (Befring, 2008). Denne teksten tar for seg reaksjonar og refleksjonar hjå fem konfirmantar som deltok i eit fokusgruppeintervju i etterkant av eit konsertføredrag med GE. Temaet er ungdomen sitt forhold til rus og førebygging sett i forhold til konsertføredraget til GE. På bakgrunn av dette er følgjande problemformulering laga for denne teksten: *Korleis kan konsertføredrag nyttast som rusførebyggjande tiltak for konfirmantungdom?*

## Bakgrunn

I eit historisk lys er tenåringsperioden i stor grad prega av at ungdomar går gjennom store endringar både sosialt, fysisk og psykisk (Colder, Chassin & Villalta, 2010). Ungdomshjernen er konstruert for sterke kjensler, fart og spenning. Difor vil den unge ut i verda, oppsøke, eksperimentere, ta sjansar og oppleve risiko. Hjernen i ungdomstida vektlegg slik i stor grad lystresponsar framfor å tenke konsekvensar (Skårderud, Sommerfeldt & Fonagy, 2012). I eit slikt nevrologisk perspektiv er ungdom frå evolusjonens side særskilt utsett for rus- og risikoåtferd. Historisk er dette eit bilete som gir gjenklang dersom vi tenker på utviklinga av ungdomskulturen. Opprør og opposisjon mot foreldregenerasjonen og kritiske reaksjonar mot verdiar i samfunnet har tradisjonelt prega ungdomskulturen som vaks fram og utvikla seg i ulike retningar frå og med 1950-talet. I media vart det med jamne mellomrom rapportert om vald, utagerande åtferd, kriminalitet og narkotikabruk. Ungdom var farlige, opprørske og ute av kontroll.

I følgje ungdomsforskerane Øia og Vestel (2014) ser det ut til at dette biletet har endra seg dramatisk i løpet av den siste tida. I ein gjennomgang av empiriske funn frå Ung i Oslo frå 1996 og fram til 2012 viser dei til at ungdom er blitt stadig meir veltilpassa og godtfungerande (NOVA, 2013). Vi har per i dag ei ungdomsgruppe der færre nyttar illegale rusmiddel, færre røyker, og færre gjer kriminelle handlingar. Ungdomane trivast betre både heime og på skulearenaen: dei skulkar mindre og oppfører seg mindre utagerande, brukar meir tid heime, har eit betre forhold til foreldra, og er blitt meir tilbakehaldne i utforskinga av seksualitet og i eksponering av eigen kropp (Øia & Vestel, 2014).

Populærkarakteristikkar som *generasjon lydig*, *generasjon konform*, og *generasjon prestasjon* indikerer likevel eit kritisk lys mot nokre av desse utviklingstrekka. Eit moment er fråværet av å ha ei aktiv, anti-autoritær og kritisk stemme som kan utfordre det beståande i ei tid der utfordringane nærmast står i kø blant anna når det gjeld

klimaspørsmål, eldrebølgja, religiøs fanatisme, terror og høgreekstremisme<sup>1</sup>. Noko anna er belastningane og omkostningane av det å skulle halde ei vellukka fasade. Tilpassinga og streven etter det perfekte liv har sin pris. Fallet kan fort bli stort for dei som ikkje makter å leve opp til kravet om lykke og perfektjon på alle livets områder. Nyare forskning på unges psykiske helse stadfestar nokre av bi-effektane dagens generasjon ungdomar møter i form av økt stressnivå, angst, søvnløysse og kjensla av håpløysse med tanke på framtida (Øya, 2012). Ei slik samtidsdiagnose fordrar eit aktivt syn på førebygging og helsefremjande tiltak for ungdom som er i risikosona.

## Førebygging

I 1964 skreiv den amerikanske psykiateren Caplan boka *Principles of Preventive Psychiatry* (Caplan, 1964). Den banebrytande boka presenterte ein modell og prinsipp om førebygging innan feltet psykisk helse, men modellen og prinsippa har etter kvart blitt ein del av den generelle teorien om førebyggjande arbeid. Caplan delar førebygging inn i tre nivå: primær-, sekundær- og tertiær førebygging. Primærførebygging er universelle tiltak som rettar seg mot heile eller delar av befolkninga, sekundærførebygging rettar seg mot målgrupper som anten lev under risikofylde vilkår eller som viser teikn til risikoåtferd, og tertiærførebygging er konkrete tiltak retta mot individ som allereie har utvikla eit problem der målet er å avgrense eller behandle skaden som er skjedd. Dei ulike førebyggingsnivåa blir satt i gang på ulike tidpunkt. Eit grunnleggjande prinsipp er at hjelpa må settast i gang så tidleg som mogleg. Dette vert og understreka som særskilt viktig i høve rusbehandling. Newton, Barrett og Conrod (2011) viser at dess tidlegare ein startar med rusmidlar, dess større er risikoen for å utvikle rusavhengighet, psykiske lidingar eller at ein vert sosialt stigmatisert. Førebygging i perspektivet for denne teksten handlar om å komme tidleg inn for å motverke marginalisering og utanforskap hjå ungdomar med rusproblematikk. Konsertfødredraget til GE skal lesast inn i eit slikt perspektiv, og føregår først og fremst på primært- og sekundært førebyggingsnivå.

---

1 For meir om dette tema sjå til dømes debatten kring sosiologen Gunnar Aakvaag sin Aftenpostenkronikk *Hva skal dagens unge bruke stemmeretten til?* (Aakvaag, 2014).

## Teori om konsertføredrag

Konsertføredrag inneheld komponentane musikk og føredrag, der ein vesentleg ingrediens er framføring. Dette fordrar eit musikksyn som kan ivareta fleire element samstundes, noko ein vil finne støtte for i musikkvitenskapen si dreining mot framføringsbasert musikk; *music as performance*. Omgrepet *musicking* frå Small (1998) er i denne samanhengen heilt sentral. I strid med eit lenge rådane syn på musikk som eit objekt eller verk, hevdar Small at musikk må forståast som eit verb, ein aktivitet eller ei verksemd. *Musicking* er dermed ikkje noko passivt, det er handling. Når det gjeld føredrag, kan ordet i følgje store norske leksikon forklarast som ei todeling som *i videste forstand er en kunstnerisk framførelse av tale, opplesing, sang, undertiden også musikk og dans; i en mer konkret betydning en lengre tale av opplysende eller belærende innhold i en ordnet, litterær eller kunstnerisk form* (Hovdhaugen & Simonsen, 2009). Føredrag skil seg dermed på eine sida frå underhaldningsformålet ved kåseriet, og på den andre sida den meir tunge og seriøse komponenten som fins i førelesinga.

Det som finns av litteratur om konsertføredrag er ofte knytt til den klassiske musikkverktradisjonen. Konsertinstitusjonar og utdanningsinstitusjonar innan musikk inviterer gjerne til konsertføredrag der for eksempel dirigenten gir innføring i musikkstykket som skal spelast. Ein variant av dette er at ein introduserer musikkstykket eller komponisten i starten før konserten. Innan rocketradisjonen kan ein kjenne att element frå konsertføredrag i forbindelse med konseptplater og konsertar i kjølevatnet av dette. Det narrative elementet er her tydeleg til stades, og ein låner gjerne verkemiddel frå så vel operaen som teateret.

For å få meir kunnskap om konsertføredrag innan musikkterapien må ein gå til nærliggjande områder. Dette gjeld først og fremst ulike typar framføringspraksisar som musikkspel (Nordoff og Robbins, 1971/1983), samarbeidsprosjekt som brukar opera (O'Brien, 2006), musikal (O'Grady, 2009) eller teaterelement (Krüger, 2012; Krüger & Strandbu, 2015) med brukarhistorier, eller relasjonelle vinklingar i småborneførestillingar (Valberg, 2008). Med samfunnsmusikkterapiens inntogsmarsj på 2000-talet blei framføring i særskilt grad satt på dagsordenen. Dette resulterte i fleire framføringsbaserte prosjekt som viser til erfaringar brukarar har hatt med musikkterapi (sjå til dømes Turry, 2005; Ansdell, 2005, 2010; Elefant, 2010). I forbindelse med aksjonsforskningsprosjektet med MATB vart eg sjølv klar over korleis konsertføredrag kunne nyttast og utviklast som ein musikkterapeutisk metode. Ein la i dette prosjektet vekt på brukarforteljingar der eigne historier og songar var utgangspunkt for konsertføredraga (Tuastad, 2014).

GE nyttiggjer seg av fleire av elementa som finns i dei beskrivne framføringspraksisane, men har likevel utvikla sitt eige uttrykk og si eige form i sitt konsertføredrag.

Det som skil det frå dei andre praksisformene er for det første forteljingsdimensjonen. GE fortel sine egne forteljingar og har sine egne forteljande songar. For det andre er konsertføredraga utvikla gjennom forhandlingar som er skjedd i rockebandet. Det er resultatane av desse forhandlingsprosessane GE framfører. Visjonen til bandet har i konfirmasjonsprosjektet vore å nytte konsertføredrag som rusførebyggjande tiltak for ungdom.

## Metode

Datamaterialet i denne teksten er samla inn ved hjelp av eit fokusgruppeintervju som føregjekk i etterkant av eit konsertføredrag GE hadde for humanistiske konfirman-tungdommar. Fokusgruppeintervju er ein forskingsmetode der data vert produsert via gruppeinteraksjon omkring eit eller fleire utvalde tema (Halkier, 2008; Morgan, 1997; Krueger & Casey, 2009). Det inneber studie der meiningar, tankar og idear om røynda er i fokus. Sentralt i fokusgrupper er difor ambisjonen om å få fram andre slags forteljingar og erfaringar enn ein ville fått fram i individualintervju (Malterud, 2012).

Eit utval på fem informantar fordelt på to gutar og tre jenter deltok på fokus-gruppeintervjuet. Underteikna var i samarbeid med vokalisten i GE moderator for intervjuet. Intervjuet vart gjennomført i gangen rett utanfor konsertlokalet etter at alle konfirmantungdomane hadde hatt ei fellessamling med pizza og brus. Det var ein lun og fin atmosfære der praten gjekk laust og ledig. To av gutane og ei av jentene var særskilt aktive i intervjuet. Ungdomane utfordra kvarandre, fullførte argumenta-sjonsrekker, kom med motargument og introduserte nye innfallsvinklar undervegs i intervjuet. Slik fungerte gruppedynamikken på ein måte som truleg dreiv diskusjonen framover. Her var det og viktig at moderatorane viste evne og fleksibilitet ved å leie samtalen og også gå utanom nokre av dei spørsmåla som var klar på førehand. Rollene våre var slik at underteikna fortalde om rammene for intervjuet og stilte spørsmål utifrå ein intervjuguide, medan vokalisten i GE i stor grad kommenterte, svarte på direkte spørsmål frå ungdomane og kom med innspel utifrå det som vart presentert på konsertføredraget. Dessutan kunne kunnskapen ungdommen satt inne med om rustematikk suppleras av moderatorane. Fokusgruppeintervjuet vart såleis ein prosess der vi alle lærte av kvarandre.

I analyseprosessen vart innhaldet i intervjuet vektlagt. Analysen er difor ei inn-haldsanalyse inspirert av ei konstruktivistisk *Grounded Theory* tilnærming (Charmaz, 2006).

## Funn frå intervjuet med konfirmasjonsungdomane

Resultata frå fokusgruppeintervjuet blei fortolka og plassert i tre kategoriar. Den første kategorien, *Begge tingene*, viser til poenget med å bruke musikk i kombinasjon med føredrag, og at dette hadde ein unik funksjon. Musikkføredrag gav rom for å vera sterke uttrykk som også skjerpa konsentrasjonen til tilhøyrarane. I den andre kategorien, *Det går litt dypere inn i hjertet*, vart det å høyre ei truverdig brukarstemma trekt fram som essensielt. Den tredje kategorien, *Det er flere som faktisk får det inn enn om det ikkje hadde vært forebygging*, understrekar verdien av å bli presentert ei usminka røyndom frå rusverda.

### ‘Begge tingene’

Ungdomane i intervjuet understreka at det var viktig at konsertføredraget romma både snakking og musikk. Det var desse to komponentane samla som gjorde inntrykk:

<sup>2</sup>I1: Altså begge tingene gjorde inntrykk på meg då; både den snakkingen og musikken. For eg tror ikkje det hadde gjort like mye inntrykk viss det bare var en av delene: viss det bare var musikk eller viss det bare var foredrag. Så at det var sammen tror eg gjorde at det gjorde større inntrykk på meg.

Eit samla uttrykk gjer inntrykk. Samstundes vert det påpeikt at musikken gjorde at det vart lettare å følgje med, og lettare å få ting med seg. Slik vart konsentrasjonsnivået auka:

I5: Det e jo veldig mange som aldri hadde gidde å følge med om det bare var snakking.

I3: Sang med litt rytme vet du så går det litt mer inn i...då går det ikkje bare rett inn ene øret og ut andre...

M: Nei...

I3: Det pleier det gjøre for meg viss folk bare snakker så veldig lenge. Altså det e en veldig dårlig egenskap hos meg men viss folk bare snakker i lengre perioder så får eg med meg de første 20 minuttene mens resten går bare rett ut på den andre siden.

---

2 Grunna anonymitetsomsyn er ungdomane i intervjuet merka med I 1-5 for Informant 1-5 og Moderatorane med M.

Konsertføredraget vart og trekt fram som spennande fordi det var ein motpol til andre rusførebyggjande kampanjar. Ungdomane opplevde rett og slett det som meir levande og engasjerande:

I1: Nei, det her var ett av de mer spennende arrangementene vi kunne hatt.

I3: Det e faktisk det beste arrangementet eg har vært på når det gjelder rusmisbruk og sånne ting. Vi hadde besøk av politiet en gang og det var sånn at vi holdt på å kjede oss i hel. De stod der i tre timer og snakket med sånn der nøytral mørk stemme uten noen bevegelse bare står der og glor fram og tilbake. Sitter der i tre timer sant og halve klassen zzzzzz (snorkelyd).

I5: Det e nesten sånn at du får lyst å gå ut av rommet...

Musikk kan påverke positivt, men det kan og ha ein negativ verknad. I intervjuet vart dette tydeliggjort når spørsmål kring artistar med uttalte rusvanar vart brakt på banen:

I5: Helt ærlig: det kommer helt an på artisten. Altså, hører du på artisten; altså Eminem nei, han rapper om kor jævlig det e. Hører du på Snoop Dog, då kan du bli påvirket. Han e jo litt mer inni den boblen der alt bare e helt på topp når han skriver sangene sine inn i rusen. Så der tror eg du kan bli påvirket. Men det kommer helt an på ka sanger eller artist du hører på.

I1: Og på kem du ser opp til. Viss du bare hører på musikken og ikkje bryr deg så veldig mye om hvem som synger, så kan det hende det ikkje har så mye å si. Men om du har hengt deg veldig opp i en artist som holder på med rus så e jo det et stort forbilde for deg. Og da kan det jo hende at du prøver å bli så lik som mulig som den personen, muligens.

‘Det går litt dypere inn i hjertet’

Fordi konsertføredraget tok utgangspunkt i brukarane sine egne erfaringar, treff det også ei kjenslenær nerve hjå ungdomane:

I1: Og så selv om eg allerede har bestemt meg for at eg ikkje har tenkt å prøve ut rus, så gjorde det stort inntrykk på meg. Spesielt når han nevnte det med barna sine: at han ikkje har fått sett de vokse opp. Det gjorde at alt virket mer ekte. Du kan jo liksom snakke om ting som har skjedd andre men



når man snakker om egne opplevelser og sånne sterke ting som rett og slett miste familien på grunn av rusen, det gjorde inntrykk.

M: Ja.

I3: Det har litt sterkere innvirkning enn å bare skulle snakke om folk som har gjort der du ikkje har vært borti det selv da. Som bare står der og snakker ut i fra et ark. At du liksom har vært der selv, følt det. Det får liksom sterkere innvirkning.

M: Ja ja.

I3: Det går litt dypere inn i hjertet.

Å høyre på og bli fortald sjølvopplevde historier rørte ungdomane. Eit viktig moment her var at dei opplevde historiene som ekte og truverdige:

I1: Det e jo ekte ting som har skjedd som gjør mest inntrykk då. Og eg tror og det gjør mest inntrykk når den personen som snakker om egenerfaringer forteller, enn om en person snakker om andre sine erfaringer. Då gjør det mer inntrykk. Føler eg.

Brukarhistorier var vidare noko som skilte konsertføredraget frå andre rusførebyggjande føredrag:

I5: Altså, det er jo forskjell. For enkelte av de som snakker e jo bare terapeuter som ikkje har vært ...altså de har bare opplevd rusmisbrukere; de har ikkje vært der sjøl. Det synes ikkje eg er så bra. Og så e det noen som bare står og holder et foredrag og då blir det veldig fort kjedelig, og bare høre om de forskjellige stoffene og bare snakke om stoffene. Og eg synes det e mye bedre når du hører om tankene rundt det og ka som faktisk skjer med dokker og ikkje det generelle om stoffene.

Samstundes som brukarhistoriene vart opplevde som kjenslemessige, ekte og truverdige, var det og eit poeng at ungdomane opplevde føredraget som sannferdig. Dette innebar mellom anna at konsertføredraget ikkje overdreiv eller kom med rein skremselspropaganda:

I3: De (andre føredragshaldere) prøver liksom å overdrive mest mulig så folk ikkje skal gjøre det ... altså fra liksom...viss du overdriver det 150% så det skal være så innmari dramatisk. Det har eg merket, altså merker overalt, så alt i fra rus til andre ting.

Å fortelje sanninga vil i denne samanhengen innebere å vere open om at det å ruse seg faktisk også er forbunde med gode opplevingar, og at ikkje alt nødvendigvis må ta utgangspunkt i den strake vegen frå hasj til undergang:

I1: For då føler du at du kan stole på den som holder foredraget. Fordi at de slenger ikkje bullshit til deg. De prøver ikkje å få rus til å virke så skremmende som mulig, de prøver å formidle sannheten.

‘Det er flere som faktisk får det inn enn om det ikkje hadde vært forebygging’

Ungdomane gir uttrykk for at konsertføredraget til GE har ein førebyggjande effekt, og at det vil kunne hjelpe risikoutsette ungdomar:

I5: Altså, all forebygging og all informasjon er bra og altså uansett ka vi gjør så vil det være noen som havner utfor. Men med sånn forebygging som man gjør så e det færre og i alle fall noen som tenker seg om. Det er flere som faktisk får det inn enn om det ikkje hadde vært forebygging. Altså eg har jo liksom ved siden av; altså eg har opplevd rus utenom, men eg vet at for flere så opplever de mye av å bare være på foredrag som dette og høre historier. Og eg syns jo det e positivt å komme på de her og.

Eit relevant spørsmål her er: Er det fare for at konsertføredraget får ein motsatt effekt og verkar rusforlokkande heller enn rusførebyggjande? I følgje ungdomane utgjør konsertføredraget ein minimal risiko i så måte:

I5: Eg tror det blir i alle fall veldig få tilfeller. Altså kor mange du påvirker til å bruke rus i forhold til kor mange du påvirker til å ikkje bruke rus tror eg e , ja, eg tror ikkje det e vits i å slutte med forebygging for å si det sånn.

Ungdomane i fokusgruppeintervjuet gir uttrykk for at dei trur at konsertføredraget kan hjelpe og forhindre at andre ungdommar hamner ut på skråplanet. Dersom dei sjølv skulle halde rusførebyggjande føredrag, ville ettereffekten av stoffmisbruk blitt vektlagt:

I1: Ettreffekten... ikkje sånn at det var ille det første året eller noe, men at du rett og slett e ødelagt for resten av livet ditt. Sånn at det e viktig at du kanskje ikkje kan slutte med stoff for det henger gjerne i deg hele livet.

I5: Eg tror også eg ville lagt vekt på... den likegyldigheten, spesielt når du tenker på heroin, det e et av de tyngre stoffene, altså kor vanskelig det faktisk e å gi seg når du e komt så langt ned, altså det tror eg at eg hadde lagt mye vekt på og.

Eit anna aspekt dei ville vektlagt var dei psykiske belastninga i kjølevatnet av rusmisbruk, og korleis dette verker inn på kvardagen:

I5: De psykiske problemene. Altså eg ville lagt vekt på påvirkningen ka det faktisk får deg til å få opp i her (hodet), og kordan det går utover livet ditt. På en daglig basis, ka du faktisk sliter med å gjøre; altså å gå på butikken blir et helvete for deg liksom.

I3: Det e jo enkelte folk som har angst for å gå i butikken.

I5: Ja det er det.

I3: Ut i sosiale områder, folk som ikkje klarer det.

## Diskusjon

Konfirmantungdomane engasjerte seg sterkt i spørsmål kring mellom anna musikk, rusproblematikk, førebygging og helse. Utgangspunktet for diskusjonsdelen er drøfting av konsertføredrag som både forteljing og musikk, konsertføredrag som brukarstemme og konsertføredrag som rusførebygging.

### Konsertføredrag som både forteljing og musikk

Konsertføredrag handlar om samanstillinga av føredrag og musikk, der forteljingane spelar ei heilt sentral rolle. Konfirmantungdomane fortalte at det var nettopp denne blandinga som gjorde inntrykk når dei opplevde GE sitt konsertføredrag. Eitt uttalt poeng var at musikken bidrog til å skjerpe konsentrasjonen samstundes som det skapte engasjement. Symbiosen mellom musikk og forteljing særmerker konsertføredraget til GE og gjer det til ein motpol til mykje av dei rusførebyggande føredraga ungdomane hadde blitt presentert for tidlegare. Ungdomane var vant til å høyre på

autoritetsfigurar (til dømes politiet) forklare og åtvare mot rus i einemonologar, noko som gjorde at det var vanskeleg å halde konsentrasjonen og følgje med på det som faktisk vart fortalt. Musikken til GE, eller *sang med litt rytme* som ein av konfirmasjonsungdomane forklarte det, gav rom for variasjon og ei viss spenning. Dermed blei det også lettare å få med seg budskapet når GE fortalte om rustema. 'Begge tingene', føredrag og musikk, utgjorde slik ein viktig forskjell i høve andre rusførebyggande presentasjonar.

Musicking omgrepet til Small (1998) fokuserer på korleis folk brukar musikk i samspel med andre menneske:

To music is to take part, in any capacity, in musical performance, whether by performing, by listening, by rehearsing or practicing, by providing material for performance (what is called composing), or by dancing (Small, 1998: 9).

Innanfor ei slik forståingsramme vil det å gjere ein konsert og det å lytte til den aktuelle konserten vera sidestilte. Musikken har ein handlingsdimensjon og *eiges* av alle som på eit eller anna vis har eit tilhøve til musikken. I konsertføredraget til GE var konfirmasjonsungdomane aktivt handlande. Dei var i dialog med vokalisten i bandet, kom med eigne innspel og spørsmål, svarte på spørsmål, og bidrog også med å skape god konsertstemning. Musicking omgrepet indikerer vidare at musikken har ein økologisk funksjon ved at han set i gang prosessar i og mellom menneske, prosessar som skapar ringverknader i individ og mellom grupper og samfunn (Ruud, 1998). Konsertføredraget sin økologiske funksjon såg ein mellom anna ved at konfirmantleiarane og foreldre engasjerte seg, og at informasjon og tilbakemelding vart spreidd i rekordfart via facebook på internett. Slik levde konsertføredraget sitt eige liv også etter at sjølve framføringa var fullført.

Konfirmantungdomane var svært positive til kombinasjonen mellom musikk og forteljing. Samstundes hadde dei eit reflektert syn på korleis artistar og musikk også kan påverke i negativ retning. Her er dei på line med mykje av den seinare tids forskning som viser at musikk også kan ha ein uheldig påverknad: Den israelske musikkterapeuten Horesh (2006, 2010) peikar på korleis musikk kan fungere som ein *trigger* i høve rusmisbruk, medan McFerrans (2012) studie av ungdomars lyttevanar peikar på at ungdom med risiko for depresjon ofte får forverra tilstanden og kjenner seg verre etter å ha høyrte mykje på heavy metalmusikk. Konfirmantungdomane i intervjuet såg faren med korleis identifisering av rusrelaterte artistar kan influere ungdom negativt. Min eigen ståstad i dette spørsmålet er at det sjølvsagt er nødvendig å vedgå at musikk kan påverke både positivt og negativt. Dersom vi trekk liner til musikkososiologen DeNora (2000) sin teori om korleis musikk vert brukt i kvardagslivet, kan ein hevde at

musikk er ein helseteknologi (DeNora, 2007). I følgje DeNora har musikken kvaliteter ved seg som tilbyr moglegheiter, men desse moglegheitene kan først kome til sin rett når musikken vert tatt i bruk. DeNora nyttar omgrepa *musical affordance* (musikken sine moglegheiter) og *musical appropriation* (musikken sin bruk) for å beskrive denne tosidige prosessen. Musikken tilbyr moglegheiter som kan brukas men også misbrukas. Eit avgjerande punkt her er at musikk vert forstått utifrå kontekst. Det er i denne samanheng viktig å ikkje ende opp som musikkpoliti som vurderer kva som er bra eller ikkje bra, sunt eller ikkje sunt, farlig eller ikkje farlig. Ein må heller gå inn i den livsverda musikken omgir seg med. Bevisstgjerjing av korleis ein brukar musikk og kva dette betyr for ungdomane blir dermed heilt sentralt. Refleksjonar kring musikkbruk bør såleis vera ein integrert del av det musikkterapeutiske praksisarbeidet.

### Konsertføredrag som brukarstemme

Vår tradisjon innan humanistiske, ressursorienterte, relasjonelle og kontekstuelle tilnærmingar har på ulike måtar vektlagt brukarmedverknad som ein sentral del av det musikkterapeutiske arbeidet. I samfunnsmusikkterapien har brukarmedverknad ein eksplisitt politisk dimensjon som mellom anna handlar om å jobbe med tema som inkludering, rettferd og rettigheitar både på eit individnivå og på eit samfunnsnivå (Stige, 2002, 2008, 2012; Stige et al., 2010; Stige & Aarø, 2012). Marginaliserte menneske er ofte utan ei kollektiv stemme. Med uttrykket *culture of silence* set den brasilianske pedagogen Freire namn på grupper i samfunnet som ikkje vert høyrde på og som er “made silent” (Freire, 1970/2000). Eit uttalt mål i er i tråd med dette å bidra til å gje stemme til sårbare og utsette grupper. Språket og kunsten er her verkemiddel som kan nyttast for å skape likeverd, rettferd og respekt. Forteljingar vert i denne samanheng viktige og nødvendige. Eit narrativt perspektiv kan her utvide forståingshorisonten vår i høve brukarstemma i musikkterapien.

Narrativ kjem frå det latinske ordet *narrare* som tyder å *fortelje*. Narrative perspektiv er ut i frå dette naturlegvis opptatt av forteljingane og betydinga desse har på folks liv. Utgangspunktet er dermed den enkeltes behov for å finne meaning gjennom identitetsskapande forteljingar. Eit hovudprinsipp er tanken om at problem ikkje skal knytast til personen, eller for å sitere brukarstemma Odd Volden som sjølv har hatt erfaring med narrativ terapi: “Det er aldri mennesket som er problemet, det er problemet som er problemet” (Volden, 2009: 1184). Eit mål i narrativ terapi er at ein får sjansen til å knytte ny kontakt med eiga historie slik at ei meir fleir-fassetert forteljing om eige liv og identitet kan framførast. Slik kan ein både utvide den enkeltes narrative ressursar og opne opp for at ein kan endre forholdet til eigne historier (White, 2009).

GE sitt konsertføredrag baserer seg på eit brukarperspektiv. Det narrative er her eit grunnleggande fundament. Låtskrivar i bandet er eksplisitt når han fortel at tekst og låtskriving for han har vore ei form for eigenterapi. Frå han starta å skrive i 14–15 års alderen har låtskriving vore ein sentral måte å bearbeide tankar og opplevingar på. Det er bakgrunnen frå desse historiene som danner basisen for konsertføredraget til GE. I konsertføredraget formidlast førstegongsopplevingar med rus, om oppturar og nedturar med rus, om konsekvensar og etterverknad av stoffmisbruk, om tap av tid, vener og familie, om eit hardt miljø og korleis dette pregar ein, om å vise respekt og solidaritet med utstøtte grupper, om å ta vare på kvarandre og seie i frå, og om å ta ansvar for eige liv. Dette siste kan eksemplifiserast gjennom den faste avslutnings-songen til GE *Skyld i det sjølv* som etterkvart er blitt eit manifest for bandet. Teksten er som følgjer:

*På bunnen av din avgrunn står du som en dust og ser deg omkring,  
du visste ka som ville hende så koffor fatter du ingenting?  
mange ropte fare, du visste bedre og vendte deg bort,  
og gikk på trynet utfor stupet og eg ska love deg då faller man fort.  
Eg e skyld i det sjøl, eg vet det eg e skyld i det sjøl  
Du prøver å skylde på andre, kanskje det va oppveksten som du fikk  
men om veien te driten va åpen og klar, kem sine føtter va det som gikk  
det finnes ingen andre og klandre, for valg som du sjøl har tatt,  
det e litt sent å nyte sommer og sol i en beksvart vinternatt  
Eg e skyld i det sjøl, eg vet det eg e skyld i det sjøl  
Så prøver du vende tebake, men se, det va ikkje så lett  
no e du lenket fast te nålen, som en viljeløs marionett  
Og mens tiden løper fra deg, ruses livet bort  
speil speil på veggen si meg: KA FAEN HAR DU GJORT?  
Eg e skyld i det sjøl, eg vet det eg e skyld i det sjøl*

Ungdomane i fokusgruppeintervjuet sa tydeleg ifrå om at å høyre eigenerfarte historier var noko av det som gjorde sterkaste inntrykk på dei. Brukarperspektivet får her ein dobbelfunksjon. For det første er det viktig å få fortelle si historie. Det kan ha terapeutisk verdi. For det andre rører eigenerfarte historier ungdomane på ein kjenslenær måte. Dette aukar sjansen for at konsertføredraget verkar førebyggjande.

## Konsertføredrag som rusførebygging

Rusførebyggjande kampanjar for ungdom er eit stort marknad som har føregått i ei årrekke. Eit historisk riss viser at skremming- og faktaundervisning dominerte på 1940- og 1950-talet, affektive metodar prega av den humanistiske pedagogikken vaks fram på 1960–1970 talet, og frå slutten av 1980-talet kom ei rekke nye metodar vi kan namngje som sosial-kognitive strategiar, påverknadsmodellar og sosiale ferdigheitsprogram (Shultz, 2007). Dette inneber ei gradvis orientering vekk frå eit dominerande individfokus og over til eit meir økologisk fokus som i større grad vektlegg familien, skulemiljøet og lokalsamfunnet. Ein ser likevel at fleire aspekt ved tidlegare program kan vere integrert i dei nye programma og at ungdomane får fleire arenaer å delta på. Mellom anna vert det framleis nytta rusførebyggjande kampanjar med innslag av skremmingspropaganda. Ungdomane i fokusgruppeintervjuet var inne på korleis overdriving og skremmingspropaganda vert avslørt og står fram som lite truverdig. Eit paradoksalt utslag av skremmingspropaganda er dessutan at det som skal skremme i staden vert det som kan virke attraktivt. Dette var tilfelle ved Ullersmoprosjektet som vart starta i 1992, men som etter omfattande kritikk måtte leggast ned i 1996 (Sosial- og helsedirektoratet, 2006). I programmet vart ungdom tatt med til Ullersmo landsfengsel, satt inn på celler, og forsøkt skremt. Det etiske rundt dette er jo i seg sjølv svært tvilsamt. Poenget her er imidlertid at slike avskrekkingsmetodar faktisk ser ut til å kunne ha ein motsatt effekt: ein vert skremt *til* rus og kriminalitet i staden for *frå* det (ibid.).

Effektstudie av rusførebyggjande program viser generelt at dei berre i sjeldne tilfelle har effekt på ungdommar sine rusvanar. Då to offentlege organ i 2000 og 2006 gjekk gjennom kva som fungerer eller ikkje fungerer når det gjeld rusførebyggjande program, var resultatet slåande: av i alt 16 rusførebyggjande program var det berre to av programma som kunne vise til dokumentert effekt (Shultz, 2007: 129). Førebyggjande tiltak på skulen kan ha ei effekt på begynnande rusmisbruk, men det er då viktig at slike førebyggjande tiltak er individretta og ikkje generelle kampanjar. Tiltaka bør vere personleg relevante for den enkelte ungdom som høyrer til risikograppa for å utvikle problematisk rusåtferd. Tiltak bør vidare rettast mot å mestre dei sårbarhets- eller risikofaktorane som er relevante for den enkelte ungdommen. Risikofaktorar kan vere arvelig risiko, familiære problem, individuelle sårbarheter og påverknad frå sosialt miljø (Møller & Demant, 2011). Vidare viser det seg at born og unge med angst, depresjon, spiseforstyrning, ubehandla ADHD, relasjonsskader, alvorlege traumar eller tilknytingsvanskar er meir sårbare enn andre for å utvikle ruslidingar (Lossius, 2010).

Konsertføredraget til GE var ikkje eit skremmingspropaganda show. GE fortalte om rusen sine farar og konsekvensar på ein nokså direkte måte. Samstundes vart det ikkje lagt skjul på at rusen også gir positive opplevingar. Sosiologen Willy Pedersen, som har forska lenge på rusfeltet, summerer dette opp slik: "*Rusmidlene befinner seg i et spenn mellom smerte og lyst, mellom det bitre og det søte. De kan lede til skader, vold og sykdom. Men de søte sidene er der også, i rikt monn*" (Pedersen, 2015: 11). Ungdomane i fokusgruppeintervjuet la nettopp vekt på truverdet som eit avgjerande moment for at GE sitt rusførebyggjande konsertføredrag fungerte godt. Det var ikkje *bullshit* som ein av ungdomane uttrykker det, men sanninga fortalt frå nokon som faktisk hadde vore der. Dermed auka sjansen for å nå fram med eit rusførebyggjande budskap.

## Avslutning

Denne teksten har undersøkt korleis konsertføredraget til GE kan nyttast som rusførebyggjande tiltak for konfirmantungdomar. Funna kan summerast opp ved hjelp av følgjande tre punkt:

For det første viser eg at samanstillinga av føredrag og konsert ser ut til å spele ei sentral rolle. Konfirmasjonsungdomane som vart intervjua slo fast at blandinga av musikk og forteljing fungerte godt fordi det skjerpa konsentrasjonen og gjorde det spennande og interessant å følgje med på. For det andre blei brukarstemma viktig både som helsegevinst for aktørane i GE, men også fordi budskapet i brukarforteljingane trefte ungdommen. Teori frå samfunnsmusikkterapien og narrative perspektiv har bidrege til å utvide forståingsramma for praksisforteljingar der brukarstemma er i sentrum. For det tredje fungerte GE sitt konsertføredrag som eit rusførebyggjande tiltak fordi det opna opp for å beskrive og framføre historier om både oppturar og nedturar med rus. Det overordna prinsippet var at forteljingane vart opplevde som truverdige og sanne.

Samla sett konkluderer eg med at GE sitt rusførebyggjande konsertføredrag kan vere eit velegna førebyggjande tiltak for risikoutsette ungdomar. Fleire erfaringar og meir forskning vil vise om konsertføredraget kan utviklast som ein ny metode i musikkterapien.



## Referansar

- Ansdell, G. (2005). Being who you aren't; Doing what you can't: Community music therapy & the paradoxes of performance. Anmeldelse av Reviewed Item. *Voices: A World Forum For Music Therapy* (3).
- Ansdell, G. (2010). Where performing helps: Processes and affordances of performance in community music therapy. I: Stige, B., Ansdell, G., Elefant, C. og Pavlicevic, M. (red.) *Where Music Helps: Community Music Therapy in Action and Reflection* (161–186). Farnham: Ashgate.
- Befring, E. (2008). Forebygging i en psykososial kontekst. I E. Befring og R. Tangen (red.) *Spesialpedagogikk* (170–192). Oslo: Cappelen Damm.
- Caplan, G. (1964). *Principles of preventive psychiatry*. New York: Basic Books.
- Charmaz, K. (2006). *Constructing grounded theory*. London: Sage.
- Colder, C., Chassin, L. og Villalta, I.K. (2010). Developmental perspectives: affect and adolescent substance use. I Kassel, J.D. (red.) *Substance abuse and emotion* (109–135). USA: American Psychological Association.
- DeNora, T. (2000). *Music in everyday life*. Cambridge: Cambridge University Press.
- DeNora, T. (2007). Health and music in everyday life – a theory of practice. *Psyke & Logos*, 28, 271–278.
- Elefant, C. (2010). Giving voice: Participatory Action Research with a marginalized group. I Stige, B., Ansdell, G., Elefant, C. and Pavlicevic, M. (red.) *Where Music Helps: Community Music Therapy in Action and Reflection*. Farnham: Ashgate.
- Freire, P. (1970/2000). *Pedagogy of the oppressed*. New York: Continuum. Originalutgave, 1970.
- Halkier, B. (2008). *Fokusgrupper*. Frederiksberg: Samfundslitteratur.
- Horesh, T. (2006). Dangerous music. I Aldridge, D. og Fachner, J. (red.) *Music and altered states: consciousness, transcendence, therapy, and addictions* (125–139). London; Philadelphia: Jessica Kingsley Publishers.
- Horesh, T. (2010). Drug addicts and their music: A story of a complex relationship. I Aldridge, D. og Fachner, J. (red.) *Music therapy and addictions* (57–74). London: Jessica Kingsley Publishers.
- Hovdhaugen, E. og Simonsen, H.G. (2009, 14. februar). Etymologi. I *Store norske leksikon*. Lasta ned 21.06.2015 frå: <https://snl.no/etymologi>.
- Krüger, V. (2012). *Musikk, fortelling, fellesskap: en kvalitativ undersøkelse av ungdommers perspektiver på deltagelse i samfunnsmusikkterapeutisk praksis i barnevernsarbeid*. Ph.d.-avhandling, Universitet i Bergen. Bergen: UiB, Inst. for musikk.

- Krüger, V. og Strandbu, A. (2015). *Musikk, ungdom, deltakelse – musikk i forebyggende arbeid*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Krueger, R.A. og Casey, M.A. (2009). *Focus groups: a practical guide for applied research*. Los Angeles, Calif.: Sage.
- Lossius, K. (2010). Rusmidler. I Skårderud, F., Haugsjerd, S. og Stänicke, E. (red.) *Psykiatriboken. Sinn – kropp – samfunn* (433–445). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Malterud, K. (2012). *Fokusgrupper som forskningsmetode for medisin og helsefag*. Oslo: Universitetsforlaget.
- McFerran, K., Garrido, S., O'Grady, L. og Sawyer, S.M. (2012). How teenagers use music to manage their mood: An initial investigation. University of Melbourne. Lasta ned 8.10.2014: [http://www.metalinsider.net/site/wp-content/uploads/2011/10/McFerran\\_et\\_al\\_adol\\_mood.pdf](http://www.metalinsider.net/site/wp-content/uploads/2011/10/McFerran_et_al_adol_mood.pdf)
- Morgan, D. L. (1997). *Focus groups as qualitative research*. Thousand Oaks, Calif.: Sage Publications.
- Møller, K. og Demant, J. (2011). *Unges påbegyndelse af illegalt rusmiddelbrug – Et litteratursudie over den nordiske forskning*. Center for Rusmiddelforskning. Aarhus Universitet. København: J & R Frydenberg AS.
- Newton, N.C., O'Leary-Barrett, M. og Conrod, P.J. (2011). Adolescent substance misuse: neurobiology and evidence-based interventions. I *Behavioral Neurobiology of Alcohol Addiction* (685–708). Berlin Heidelberg: Springer.
- Nordoff, P. og Robbins, C. (1971/1983). *Music Therapy in Special Education*. Saint Louis, MO: Magna-Music Baton.
- NOVA. (2013). *Ungdata. Nasjonale resultater 2010–2012*. NOVA Rapport 10/13. Oslo: NOVA.
- O'Brien, E. (2006). Opera therapy: creating and performing a new work with cancer patients and professional singers. *Nordic Journal of Music Therapy*, 15,1, 82–96. doi: 10.1080/08098130609478153
- O'Grady, L. (2009). *The Therapeutic Potentials of Creating and Performing Music with Women in Prison: A Qualitative Case Study*. Ph.d.-avhandling, University of Melbourne. Melbourne: University of Melbourne, Faculty of Music.
- Pedersen, W. (2015). *Bittersøtt. Nye perspektiv på rus og rusmidler*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Ruud, E. (1998). *Music therapy: improvisation, communication, and culture*. Gilsum, NH: Barcelona Publishers.
- Schultz, J.H. (2007). *Ungdom og Rus – innvandrere møter norske rusvaner*. Oslo: Universitetsforlaget.
- SIRUS Statens institutt for rusmiddelforskning. (2015). *Rusmidler i Norge 2014*. Lasta ned 4.11.2015 frå: <http://www.sirus.no/publikasjon/rusmidler-i-norge/>

- Skårderud, F., Sommerfeldt, B. og Fonagy, P. (2012). Den reflekterende kroppen, *Mellanrommet, Nordisk tidsskrift for barn- og ungdomspsykiatri*, 26, 6–21.
- Sosial- og helsedirektoratet. (2006). Avskrekking er lite egnet som forebyggende tiltak (1997). *Forebygging. no*
- Small, C. (1998). *Musicking: the meanings of performing and listening*. Hanover, N.H.: University Press of New England.
- Stige, B. (2002). *Culture-centered music therapy*. Gilsum: Barcelona Publishers.
- Stige, B. (2008). Samfunnsmusikkterapi – mellom kvardag og klinikk. I G. Trondalen og E. Ruud (red.) *Perspektiver på musikk og helse. 30 år med norsk musikkterapi*, (139–159). Oslo: NMH-publikasjoner 2008:3, Skriftserie fra Senter for musikk og helse, vol. 1.
- Stige, B. (2012). *Elaborations toward a notion of community music therapy*. Gilsum, NH: Barcelona Publishers.
- Stige, B., Ansdell, G., Elefant, C. og Pavlicevic, M. (2010). *Where music helps*. Farnham: Ashgate.
- Stige, B. og Aarø, L.E. (2012). *Invitation to community music therapy*. New York, NY: Routledge.
- Tuastad, L. (2014). *Innanfor og utanfor – Rockens rolle innan kriminalomsorg og ettervern*. Ph.d.-avhandling, Universitet i Bergen. Bergen: UiB, Inst. for musikk.
- Turrey, A. (2005). Music psychotherapy and community music therapy: questions and considerations. *Voices: A World Forum For Music Therapy, Vol 5 (1)*.
- Volden, O. (2009). Den som er veldig sterk, må også være veldig snill. Et brukerperspektiv på menneskerettigheter og psykisk helse. *Tidsskrift for norsk psykologforening*, 46, 1182–1185.
- Valberg, T. (2008). Konsert med spedbarn som målgruppe. I: E. Ruud og G. Trondalen. (red.) *Perspektiver på musikk og helse. 30 år med norsk musikkterapi*, s. 275–290. Oslo: NMH-publikasjoner 2008:3, Skriftserie fra Senter for musikk og helse, vol. 1.
- White, M. (2009). *Kart over narrativ praksis*. Oslo: Pax.
- Øia, T. og Vestel, V. (2014). Generasjonskløfta som forsvant. Et ungdomsbilde i endring. *Tidsskrift for ungdomsforskning*, 14 (1), 99–133.
- Øia, T. (2012). Ung i Oslo 2012: Nøkkeltall. I *Norsk Institutt for oppvekst, velferd og aldring – NOVA notat*, vol.7/12. Oslo: NOVA.
- Aakvaag, G.C. (2013, 1. september). Hva skal dagens unge bruke stemmeretten til? Kronikk i *Aftenposten* [Oslo], Lasta ned 09.11.2015 frå: <http://www.aftenposten.no/meninger/kronikker/Hva-skal-dagens-unge-bruke-stemmeretten-til-7295510.html>